

Rulleskicuppen vart avslutta i Hovdebygda

3. og siste rennet i rulleskicupen vart arrangert ved Bygg 1 på Rystelandet i Hovdebygda. 35 stilte til start denne gongen. Det var fine forhold med tørr asfalt. 1. og 2. rennet vart arrangert i rulleskiløypa på Ullsheim i Stryn.


Samla har no om lag 45 delteke i denne rulleskicupen. Derrav om lag 30 frå Hovdebygda IL langrenn. Dette er ein fin auke frå i fjor. Vi har hatt besøk av langrennsløparar frå Stranda, Sunnøyen, Markane, Stårheim, Eid og Volda. Neste haust kan denne cupen utvidast med enno større deltaking.

Hovdebygda IL har no langrennsløparar i dei fleste årsklasser og denne gongen var det også ei god junior og seniorklasse på startstreken.

Neste på programmet er skirenna på snø. Det vert planlagt lokal Sparebank 1-cup med skirenn i både skøyting og klassisk og ikkje minst den populære 2-manns stafetten. Møre og Romsdal skikrets har utarbeidd ei førebels terminliste der Hovdebygda IL skal arrangere Krinsmeisterskap i slutten av januar.

For dei som er med på langrennstreningane er det mykje å glede seg til.

Ref. Hovdebygda IL langrenn



Eldeste klasse klar til start: Frå venstre: John Olav Hofseth Hatløy, Hovdebygda-Kristine Hjelbakk Hole, Sunnøyen-Runar Grettland, Hovdebygda-Bjørnar Øye, Hovdebygda-Vegard Røyrrhus, Hovdebygda-Torjus Woldsund, Volda-Adrian Flote, Hovdebygda. FOTO: HOVDEBYGDA IL LANGRENN



Premieutdeling: Jenter 13 år får velfortente premiar. Frå venstre Hedda Schreier, Stranda IL - Nathalie Vatne Aa, Hovdebygda IL - Hanna Saure Riise, Hovdebygda IL - Emilie Flote, Hovdebygda IL. FOTO: HOVDEBYGDA IL LANGRENN



Rulleskicupen: Klasse 12-13 år klare til start. FOTO: HOVDEBYGDA IL LANGRENN

Kåra til årets trenar

Før siste serierkamp heime mot Sarpborg 08 fekk Brann-trenar Lars Arne Nilsen det synlege beviset på at han er kåra til årets trenar i Tippeligaen 2016.

Under leing av Lars Arne Nilsen har gått frå å ligge midt på tabellen i 1. divisjon til å vinne sølv i Tippeligaen. Nilsen var saman med Kåre Ingebrigtsen (Rosenborg) og Eirik Bakke (Sogndal) nominert til prisen årets trenar. Stemmene frå ein jury, kapteinane i Tippeligaen og 1. divisjon og publikumsstemmer avgjorde kven som stakk av med prisen. Nilsen fekk meir enn seksti prosent av

stemmene samanlagt, og vart kåra til årets trenar i Tippeligaen med soleklar margin.

På bana lukkast også Brann søndag kveld, og det vart 2-1-siger heime mot Sarpborg 08 etter skåringar av Jakob Orlov og Gjilli Rólanisson. Brann sikra seg dermed sølvplassen i Tippeligaen før Odd, og Nilsen skal leie laget ut i Europa komande sesong.

- Det er utruleg herleg, vi klarte det sjølv og det er vi veldig stolte og glade for, sa Nilsen til Brann-TV etter kampen.

- Det at vi skal representere landet, byen og klubben i Europa er helt fantastisk for oss, men vi har mange utfordringar. Vi må ikkje slappe av eit sekund, det er full guffe og ingen kviling på laurbæra.



Serisesolv og årets trenar: Som Hødd-trenar vart det cupgull for Lars Arne Nilsen. Før kampen mot Sarpborg 08 fekk Brann-trenaren det synlege beviset på at han er årets trenar i Tippeligaen, og med 2-1-siger sikra Brann seg serisesolv i comebacksesongen i Tippeligaen. ARKIVFOTO